

Leiligheiter på Sanden

08.10.2006



Leilighetane på Sanden vil få separate balkongar (Teikna av LEAD Inc. as)

Prospektet er no klart og marknadsføringa er i gang. Som rett og rimeleg er og i pakt med tradisjonane heiter prosjektet Sanden Leiligheiter. Spar-leiinga lokkar med at leiligheitene vil passa både for folk som vil bu fast i Uskedalen og for slike som vil vitja bygda for kortare tidsrom. Det er sjølv sagt aktuelt med utleige både til privatpersonar eller firma.



Teikning av inngangspartiet (teikna av LEAD Inc. as)

LEAD Inc. på Husnes (sivilarkitekt Gretha Rød og Ali Heshmati) har teikna leiligheitene og kan presentera to alternativ: De to leiligheitene som ligg mot parkeringsplassen og med utsikt mot kyrkja og fjella i dalen får eit bruksareal på 91 kvadratmeter og dei tre som er vendt mot Sandavegen og fjorden er på 68 kvadratmeter.

Alle fem får ein 18 kvadratmeter stor hems med takvindaug og ein balkong på sju kvadratmeter. Livsløpsstandard med heis og gode parkeringstilhøve for bil og båt er to andre argument for å busetja seg på Sanden. Ein meir sentral plass kan ein knapt tenkje seg.



Snitt av leiligheit (teikna av LEAD Inc. as)



Golvplan 'A'



Golvplan 'B'

Samanlikning av golvplan hjå lieligheit a og b (teikna av LEAD Inc. as)

Toppetasjen har stått tom og unytta sidan butikken vart kraftig utvida for fire år sidan, men no er tida altså inne for det neste byggesteget.

- Kva vil det kosta å bu på Sanden, Bente Nilsen?

- I første omgang blir det ikkje sal. Vi går ut på leigemarknaden med ein pris på mellom 5.000 og 7.000 kroner i månaden. Den endelege leiga kan ikkje stipulerast enno.

Av Ola Matti Mathisen



Bente Nilsen, Gunn Mari Moberg og Kjersti Børve ser fram til å få inn leigebuarar på Sanden til sommaren neste år. (Foto: Ola Matti Mathisen).

 [Last ned brosjyra her](#)